

Kommunale mål og strategi for
forvaltning av hjort i Tysnes kommune
2017-2027

(Utkast 7. april 2017)

Innhold

Innleing.....	3
Lovverket	3
Den lokale hjorteforvaltninga i Tysnes.....	4
Kommunal og grunneigarstyrt forvaltning	4
Valdstruktur og teljande areal.....	5
Hjorten i Tysnes.....	5
Bestandsutvikling	5
Hjorten sin arealbruk.....	7
Aldersstruktur og samansetnad av kjønn.....	8
Slaktevekter og kondisjon på hjorten i Tysnes.....	9
Vårteljingar	9
Sett hjort.....	10
Irregulær avgang	11
Mål og tiltak.....	13
Innlending	13
Bestandsstorleik	13
Helsetilstand og produksjonsevne	14
Kjønn og alderssamansetnad	14
Organisering og jaktinnsats	15
Skader på innmark og skog.....	15
Irregulær avgang:	16
Det kommunale viltfondet.	17

Innleing

Forvaltningsplan for hjort i Tysnes 2010-2015, som vart vedteken i 2010 skal no rullerast.

For å unngå forvirring med begrep osv, vert dokumentet no heitande Kommunale mål og strategi for forvaltning av hjort. I forskrift om Forvaltning av hjortevilt frå 2012, vart det lovpålagt at kommunar som har bestandar av hjortevilt skal laga strategiar for korleis dyra skal forvaltast i kommunen, denne skal innehalde klare mål og målsetjingar samt ta opp utfordringane kommune har med jakta. Gjennom sentrale føringar dei siste 10 årene, vert meir og meir forvaltningsansvar ført over på grunneigarane som er jaktrettshavarar.

Lovverket

Lov om viltet (viltlova).

Formålsparagrafen i viltlova seier følgjande: *Viltet og viltets leveområder skal forvaltes slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares. Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv.*

Dette er konkretisert i forskrift om forvaltning av hjortevilt: *"Formålet med denne forskrift er å bidra til at forvaltningen av hjortevilt og bever ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Forvaltningen skal legge til rette for en lokal, langsiktig forvaltning med næringsmessig og rekreasjonsmessig nyttiggjørelse av viltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som medfører at hjortevilt og bever ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser."*

Forskrift om forvaltning av hjortevilt vart revidert i 2012. Her vart det mellom anna lovpålagt at kommunen skal vedta målsetjingar for utviklinga av bestandane av elg, hjort og rådyr der det er opna for jakt på arten(e).

Lov om skogbruk (skogbrukslova)

Lova skal sikre ei berekraftig forvaltning av skogressursane. Hjortevilt fører i mange høve til omfattande skade på skogen og det kan vera problematisk å få frem skog av god kvalitet.

Skogbrukslova § 9 slår difor fast at der hjortevilt fører til stor skade på skog som er under forynging eller hindrar ny skog å koma opp, skal kommunen vurdere om bestanden av hjortevilt skal reduserast.

Den lokale hjorteforvaltninga i Tysnes.

Sida den førre planen vart laga i 2009 har tal tildelte løyver auka jamt frå 542 dyr til 756 dyr i 2014, 705 i 2016 og felte dyr per år har auka frå 484 til 624 dyr i 2014, 586 i 2016.

Den førre forvaltningsplanen for hjort i Tysnes har hatt som målsetjing at hjortebestanden skal reduserast og deretter stabiliserast i høve til beitegrunnlag, jordbruket og skogbruk, trafikkskader og biologisk mangfald. Og at ein bestandsauke over 10 % fram mot 2015 ikkje er ønskeleg.

Tildeling av løyve skjer etter minsteareal. Pr i dag er minstearealet på Tysnes 400 da pr løyve.


Fordeling av løyve etter kjønn og alder vert gjeve etter ein fordeling som vart gjeven i den førre strategien og dei siste 3 åra ved årleg vedtak i utval for landbruk/teknisk .

Kommunen kan fråvike minstearealet med inntil 50% ved tildeling av fellingsløyve. I dei tilfella kor dei einskilde vald har søkt om dette har dette vore handsama av utval for landbruk/teknisk.

Det er kun eitt vald, Hålandsnes som har laga og fått godkjent ein bestandsplan. Valdet har eit teljande areal på 9663 da og får tildelt løyver etter sin eigen bestandsplan.

Kommunal og grunneigarstyrt forvaltning

Jaktrettshaverne (grunneigarane) har ansvaret for organisering og tilrettelegging av jaktutøvinga. Dei har og eit stort ansvar for bestandsplanlegginga gjennom årleg avskytningsplan samt andre forvaltningstiltak i valdet, og ikkje minst samkøring og koordinering med tilgrensande vald.



Figur 1. tal på tildelte og felte dyr på Tysnes frå 1986-2014.

Fellingsprosenten på hjort i Tysnes har vore stabilt høg mellom 80 % og 90 % sida 1998, til tross for ein stor auke i tildelte fellingsløyve (figur 1).

Valdstruktur og teljande areal

Minsteareal og 50% regelen.

Minstearealet vart i 2010 redusert til 400 da pr tildelt løyve. Med bruk av 50% regelen vart det i 2015 gjennomsnittleg 289 da pr tildelte løyve, tal samanlikning var dette talet i underkant av 400 da pr løyve i 2009.

I den førre planen var det mellom anna ei målsetjing om å gjera noko med valdstrukturen i Tysnes, vi har no 52 vald, som varierar i storleik frå ca 600 da til over 10000 da.

Tysnes kommune var med på Hordahjort prosjektet, kor det vart merka hjort med GPS halsband i heile fylket. Kunnskapen vil har fått herfrå mellom anna om hjortens bruk av landskapet gjennom året kan vera nyttig for kommunen. Som ein del av prosjektet skulle det leggjast fram forslag til korleis kommunane og grunneigarane skulle nytta desse resultatane i hjorteforvaltninga. I samband med dette vart det laga eit kart med forslag til bestandsplanområder. Desse områda er i gjennomsnitt ca 150000-200000 dekar. Tysnes kommune og Huglo er foreslått som eit felles forvaltningsområde for hjort.

Hjorten i Tysnes

Bestandsutvikling

Det er hjort i heile kommunen men det er stor variasjon i tettleiken på hjort ulike plassar i kommunen. Vi har plassar kor det burde/kunne vore teke ut meir hjort, og vi har plassar kor ein ikkje treng å ta ut fleire dyr enn det ein gjer i dag.

Dagens forvaltning og lovverk er lagt opp med at fellingsløyve er knytt til arealstorleik på eigedommar og vald.


Å finne eksakte tal på kor stor ein hjortebestand er er vanskeleg, men ein har fleire hjelpemidlar som kan gje ein peikepinn på kor mykje hjort det er i eit område. Dei mest vanlege fellingsresultat, sett-hjort og vårteljing. Ein kan ved innsamling av kjever og undersøking av tenner finne eksakt alder på dei felte dyra. Gjer ein det over fleire år vil ein kunne få ganske nøyaktige estimat for kor mykje hjort som ein har i eit område. Dette er ein kostbar og tidkrevjande metode som vil og krevja ein del arbeid.

For Tysnes sin del har ein gode «Sett hjort» og slaktevekttal samt fellingsresultat frå 2006 til no. Ein har og vårteljing.

Sidan den førre planen vart laga i 2007-2009 har tildelte fellingsløyve og tal felte dyr i Tysnes auka jamleg fram til 2014-15. Tal fellingsløyve og felte dyr gjekk noko ned i dei 2 åra 2015-2016, men fellingsprosenten er framleis høg og avskytniga i 2016 er på nivå med 2012 og 2013. I 2015 var det ein nedgang i fellingstal og fellingsprosnet i Tysnes. Dette var ein gjengangar i heile fylket og har ein samanheng med at vi hadde ein spesielt varm og lang sensommar som gjorde at hjorten stod høgt i terrenget lenger enn han brukar å gjere. I 2016 var ein tilbake til eit meir normalt nivå.


Hjorten sin arealbruk

Tysnes kommune har delteke i Hordahjortprosjektet. I den samanheng har det vore merka 4 hjort med GPS- halsband i kommunen. Desse dyra har vore ganske stabile. Kun ein bukk gjekk ut av kommunen og etablerte seg på Stord.




Figur 2. Hjort merka på Tysnes og Stord i Hordhjortprosjektet. Rund tofarga ring er bukk merka på Tysnes som etablerte seg på Stord, elles var resta av dei merka hjortane på Tysnes heile perioden det var merka dyr og sendarane fungerte

Aldersstruktur og samansetnad av kjønn.



Figur 3 Kjønn- og aldersfordeling på felte dyr i Tysnes 1998-2014

Frå 1998-2010 vart fordelinga mellom kjønn og alder på felte dyr jamna ut. Delen kalv og eldre kolle har gått noko opp sidan 2010. I 2013-2015 vart det tildelt løyve på ein større del hodyr, dette var eit ledd i å ta ut noko meir produksjonsdyr for å redusera tettleiken av hjort i enkelte delar av kommunen.



Figur 4 Samla kjønnsfordeling av felte hjort i Tysnes 1998-2014.

Slaktevektar og kondisjon på hjorten i Tysnes

Slaktevektene vil bidra til å gje ein peikepinn på om beitegrunnet står i høve til storleiken på bestanden, og kan indikera bereevna for den lokale hjortebestanden. Slaktevektene reflekterer dyra sin kondisjon, som igjen er påverka av mellom anna beitetilhøva. Store, sunne dyr er ofte eit teiken på godt beitegrunnet.

År	Hannkalv	Hunnkalv	Hanndyr 1 ½ år	Hunndyr 1 ½ år	Hanndyr eldre	Hunndyr eldre
2006	26,7	25,5	47,7	44	79,5	57,3
2007	26,2	24,6	48,5	43,6	75	57,1
2008	26,0	25,6	48,4	45,1	79,1	57,2
2009	25,3	24,6	45,9	43,7	79,3	56,8
2010	24,8	24,9	44,2	43,0	78,7	55,9
2011	24,7	24,1	43,7	40,8	74,1	54,7
2012	25,7	23,4	45,9	42,3	75,1	54,8
2013	24,0	23,4	43,8	41,6	71,2	53,0
2014	24,1	23,5	45,3	42,3	76,0	55,0
2015	24,4	22,9	44,1	41,5	72,6	53,6
2016	23,8	22,7	43,6	41,9	74,2	52,8


Tabell 1: Slaktevekt på ulike alder og kjønnklassar frå 2006-2015.

Gjennomsnittsvektene frå 2006-2014 (tabell 1) synar ein nedgang på slaktevektene på kalv på om lag 2 kg i perioden. For hanndyr 1 ½ år er det ein reduksjon på om lag 2 kg. Ein skal vere forsiktig med å nytta vektene frå dei andre alders og kjønnklassane. Hodyr 1 ½ år har ofte ein feilkjelde ved at hodyr på 2 ½ år vert registert som ungdyr. For bukkar varierer vektene mykje mellom individa. Eldre hodyr kan til ein viss grad nyttast.

Vi ser ein negativ trend på slaktevektene. Dette kan tyde på at tettleiken av hjort er noko høg.

Vårteljingar

Det har vorte gjennomført vårteljingar av hjort på innmark frå 2003-2014 (Figur 5). Desse vert gjennomført ved at ein køyrer bil etter at har vorte mørkt på kvelden på våren og nyttar lys til å sjå og telje hjort på innmark. Det er mange faktorar som kan påverke resultatet av desse teljingane, mellom ann vertilhøve og kor tidleg/sein våren er.



Figur 5 Gjennomsnitt sett hjort pr teljing frå vårteljing 2003-2014.

Sett hjort

Sett hjort saman med fellingsstatistikk har dei siste åra vore dei viktigaste verktøya forvaltninga har når det gjeld å sjå endringar i samansetninga i hjortestamma, både på bestandsstorleik og kjønn, og aldersfordeling.


Tabell 2: tal frå sett-hjort registreringane 2006-2016.

År	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Gj.snitt
Sett hjort pr. jegerdagsverk	1,6	1,93	1,92	1,98	1,96	1,74	1,8	1,78	1,88	1,58	1,84	1,82
Sett kolle pr. bukk	1,61	1,91	1,85	1,91	1,84	2,22	1,91	1,88	1,76	1,64	1,79	1,85
Sett kalv pr. kolle	0,55	0,5	0,55	0,58	0,56	0,57	0,59	0,57	0,57	0,61	0,62	0,57
Sett spissbukk pr. bukk	0,78	0,58	0,77	0,55	0,76	0,72	0,76	0,58	0,63	0,57	0,55	0,66
% bukker felt av sette bukker	20,8	21,6	22,2	20,9	20,7	23,3	19,3	15	16,1	17,3	19	19,65
% koller felt av sette koller	12,8	11,5	12,4	10,9	12,7	12,2	10,5	11,3	11,9	12,5	11	11,78
% kalver felt av sette kalver	12,1	13	12,8	11,4	14,9	12,5	14,4	12,9	14,4	12,5	12,2	13,02
Antall skjema	57	63	66	67	61	64	68	69	66	68	71	65,45
Sett kalv/tot	0,22	0,21	0,23	0,23	0,22	0,24	0,23	0,22	0,22	0,23	0,24	0,2
Spiss/tot	0,11	0,08	0,1	0,08	0,09	0,08	0,09	0,08	0,09	0,08	0,08	0,0849
Spiss/bukk og spiss	0,44	0,37	0,43	0,36	0,43	0,42	0,43	0,37	0,39	0,36	0,35	0,3923
Spiss/bukk	0,78	0,58	0,77	0,55	0,76	0,72	0,76	0,58	0,63	0,57	0,55	0,6456

Sett hjort (tabell 2) er noko påverka av utvidinga av jakttida som vart gjeldande frå 2012. Sett hjort pr jegerdag er mest sannsynleg høgare enn det ville ha vært dersom jakta ikkje vart utvida . Spesielt sett hjort pr jegerdag er høg ved jakt i utmark i perioden etter 15 november. Dette har høgst sannsynleg med å gjera at det ikkje er lauv på trea, og at hjorten samlar seg litt meir i flokkar på vinteren.

Prosent felte bukkar av sette bukkar har gått noko ned dei siste åra, dette er truleg eit resultat av færre tildelte løyver på bukk dei siste 2-3 år.

Irregulær avgang



Figur 6: Irregulær avgang av hjort på Tysnes 1987-2014. Statistikken følger jaktåret 1 april til 31 mars. (Kjelde ssb.no.)

Oversikten over irregulær avgang av hjort syner berre dei hjortane som vert drepne i trafikken og seier ikkje noko om kor mange påkjørslar av hjort det er pr år. Nedanfor er oversikt frå hjorteviltregisteret (tabell 3) om kor mange påkjørslar som har vore meldt inn og om hjorten har døydd eller vorte firskmeld /ikkje funnen etter ettersøk. Tabellen synar at det skjer om lag 10 påkjørslar av hjort kvart år på Tysnes. Det kan vera mørketal ved at påkjørslar ikkje vert meldt frå om til politi og at ettersøkspersonell ikkje vert varsla.

Dersom ein køyrar på hjortevilt skal ein varlse politiet på tlf 02800, dei varslar igjen ettersøkspersonell som reisar ut å vurderar om dyret på avlivast eller om det kan friskmeldast.

Tabell 3: Påkjørslar og utfall 1 januar 2010 til og med 31 des 2016.

År	Påkjørslar	Død	Friskmeldt/ ikkje funnen
2010	4	2	2
2011	4	2	2
2012	11	3	8
2013	11	4	7
2014	9	5	4
2015	10	5	5
2016	17	8	9

Kommunen er ansvarleg for trafikkskadd vilt. Dette er i Tysnes i vareteke med ein avtale med ettersøksringen frå Tysnes jakt og fiske lag, dei vert varsla av politiet ved påkjørslar av hjortevilt.

Mål og tiltak.

Innlending

Strategien skal innehalda målsetjingar som er konkrete og etterprøvbare, dei bør vera realistiske og ha ei tidsramme. Målsetjingane skal fungera som tydelege rettningslinjer for jaktrettshavarane som skal laga bestandsplan.

Bestandsstorleik

Den førre planen hadde som målsetjing at hjortebestanden skulle reduserast og deretter stabiliserast i høve til beitegrunnlag mm. Ein auke i bestanden over 10 % fram til 2015 var ikkje ønskjeleg.

I perioden har minstearealet vorte senka til 400 da, og tildelinga av løyver er i nokon av åra vridd mot å ta ut litt meir hodyr for å bidra til å redusera tettleiken av hjort. Nokon plassar har ein sett effekt av dette medan det framleis er stor tettleik av hjort i delar av kommunen. Sjølv om fellingstala gjekk ned i 2015 skal ein vera forsiktig med å trekka konklusjonar om at bestanden av hjort er på veg ned.

Fellingstala i 2016 viser at ein er tilbake til eit nivå som er meir likt tala frå 2012-2014.

Mål:

- Tettleiken av hjort på Tysnes skal reduserast til eit akseptabelt nivå i høve til skader på innmark og skog. Det bør verta ein gradvis bestandsreduksjon på 20 % innan 2027
- Tysnes kommune skal ha ei balansert hjortestamme av moderat storleik og god kondisjon og produksjon.

Tiltak:

- Justera jaktpresset gjennom tildeling av fellingsløyve og å leggja til rette for betre samarbeid og organisering av vald.
- Det skal jobbast aktivt med informasjon og spreing av kunnskap om jakt og forvaltning for å sikra at rett dyr vert teke ut. Fokuset må vera på å ta ut små dyr og ta vare på dei store produksjonsdyra for å skira ein god produksjon i hjortestamma.
- Sett-hjort, fellingstatistikk og slaktevekter vert ein viktig del av kartlegging og overvåkinga av hjortestamma på Tysnes. Tansnitt og vårteljing kan vera viktige supplement.

Helsetilstand og produksjonsevne

Vekta på dyra reflekterer på mange måtar kondisjon og tilstanden i høve til beitegrunnlaget. Eit godt beitegrunnlag gjev som regel store og sunne dyr. Vi har dei siste 5-10 åra sett ein nedgang på slaktevektene. Den førre planen hadde som målsetjing å auke slaktevekter på kalv med 2 kg. Denne målsetjinga er ikkje nådd. Auke av slaktevekter tek nødvendigvis litt tid. Men vi må snu trenden vi no er inne i. Her kvilar mykje ansvar på jegerane. Ein må halde fram med å ta ut små dyr. Store koller og bukkar bør sparast. På sikt vil dette kunne gje ei auke i slaktevektene med dei positive ringverknadane det gjev.

Mål:

- Det skal ikkje vere ytterlegare nedgang i slaktevektene på kalv og ungdyr (1 ½ år) dei neste 10 åra. Ein skal helst sjå ei auke av slaktevektene.
- Bestanden sin produksjon skal vera mest mogleg stabil og dermed gje grunnlag for stabilt utbytte gjennom jakt.

Tiltak:

- Kommunen held fram med innsamling av slaktevekter frå jakta.
- Fokus på felling av ungdyr og små dyr.

Kjønn og alderssamansetnad

Eit stort innslag av store bukkar i bestanden gjev fleire positive ringvirkningar, mellom anna kjem dyra tidlegare i brunst og kollene vert parra tidlegare på hausten. Dette vil gje kalvar som vert fødd tidlegare på året. Kalvar som vert fødde tidlegare på året får ofte høgare slaktevekt enn kalvar som vert fødd seint på våren. Dette gjev igjen høgare vekter på ungdyr noko som gjer at kollene kan få kalv allereie ved ein alder på 2 år. Kvigene må ha ein slaktevekt på om lag 50 kg for å kunne verte drektig den hausten dei er 1,5 år. Målsetjinga må vera å få ei hjortestamme med store eldre produksjonsdyr. Hovudpoenget er at tidelegfødde kalvar får ein god start på livet, og vil ha god kondisjon, større moglegheit til å overleve vinteren, samt ha gode vilkår til å bli eit betre produksjonsdyr, og sjølv få sunne kalvar i god kondisjon.

Her er det den utøvande part som sitt med løysinga, jegerane må etterstrebe å ta ut dei minste dyra.

Mål:

- Koll/bukk forholdet på sett-hjort tala skal vere mellom 1,4-1,8
- Auka innslaget (andelen) av eldre dyr i bestanden

Tiltak:

- Justera tildeling av fellingsløyve etter fellingsresultat og Sett hjort registreringane.
- Følgje opp, gje råd og samarbeide med eventuelt bestandsplanområde om deiras uttak.

Organisering og jaktinnsats

Gjennom endring av forskrift om forvaltning av hjortevilt i 2012 er det no opna for at fleire vald kan samarbeide om å laga ein bestandsplan for hjort, det er ikkje lenger krav om at område skal vere samanhengane. Men området må ha ein felles hjortebestand. Det vil sei at dersom ein definerer Tysnes som eit bestandsplanområde, vil vald som ligg forskjellige plassar i kommunen kunna samarbeide sjølv om dei ikkje grensar til kvarandre.

Fokuset må endrast frå areal og fråvik frå minsteareal til spørsmålet kor mange hjortar som takast ut og kor dei skal takast for å nå måla som er satt. Deretter må dyra takast på dei plassane dei er. Det er opning for ein slik tankegang med etablering av felles bestandsplanområde over heile kommunen. Sjølv om ein no lenger ikkje treng å slå saman vald for å laga bestandsplan, vert det tilrådd at ein samlar dagens vald på Tysnes i større einingar kor det som no er vald vert jaktfelt.

Mål:

- Det bør opprettast eit bestandsplanområde som soknar heile Tysnes gjennom samarbeid mellom valda.
- Tal vald i Tysnes bør reduserast til, kor dagens vald vert jaktfelt i ein større valdeining.

Den førre planen hadde som målseting å etablere fleire større valdeiningar i Tysnes, med maks 5 «storvald». Som eit ledd i denne prosessen vart det og bestemt at vald under 3000 da skulle reknast som småvald og ikkje få fråvik frå minstearealet.

Ved etablering av eit bestandsplanområde for heile kommunen, vil dei valda som vil vere med og som ønskjer å ta ansvar for si hjorteforvaltning vera med. Dei som er med får tildelt løyver som frie dyr frå kommunen på vilkår at dei følgjer bestandsplan, dei valda som ikkje vil vere med frå framleis tildlet løyver frå kommunen etter retta avskyting. Bestandsplannen vert laga for heile område også for dei valda som ikkje er med. Dette gjev kommunen eit godt grunnlag for å bestemme kva type og tal dyr som skal tildelast dei valda som ikkje er med.

Skader på innmark og skog

Tysnes har fleire gardbrukarar som er plaga med hjort som gjer skade på grasavlingane.

Pr i dag er det nokon plassar i kommunen så mykje hjort som beitar på innmark at enga ikkje vert fornya. Hjorten føretrekk gras frå attlegg då dette ofte er meir næringsrikt enn gras frå areal som ikkje har vorte forynga dei siste åra. Ofte vil dei grasartane som er dei mest næringsrike verte beita så hardt at dei går ut i løpet 1-2 år. Dette fører til negative konsekvensar da det er desse grasartane som bør utgjere største delen av grasavlingane.

Så sjølv om ein kan få avlingar av ein viss storleik vil kvaliteten på avlinga vere dårlegare. Dette stemmer dårleg overeins med mjølkeproduksjon som krevjar fôr av høg kvalitet.

Hjorten kan i tillegg gjera skade på rundballar som vert lagra ute ved at dei lagar hol i plasten og et av silofôret. Ddette fører igjen til at det resterande foret vert øydelagt.

Hjorten gjer og skade på skog, særleg ved barkgang på gran i hkl 3 og 4. Dette fører til at tømmer som skal/vert hogge i områder med mykje skade, får lågare kvalitet og dermed dårlegare pris pr kubikk. Det er og vanskeleg å få opp ny granskog då hjorten gjer skade på plantene dei fyrste åra etter planting.

Mål:

- Ingen gardbrukarar på Tysnes skal ha avlingsskade som representerer eit årleg økonomisk tap på meir enn kr. 50 000,- som følgje av hjorten.

Tiltak:

- Gjerding, permanent gjerde eller straum gjerde for ein kortare periode, for eksempel ved attlegg. Effektivt men kostbart tiltak. Vil og kunne føre til meir skade på tilgrensande areal som ligg utanfor gjerdet.
- Permanent gjerding rundt særst verdifull avling, til dømes frukt, bær og joletre. Dette er avling som er svært sårbare for hjort og eit fåtal hjortar kan gjera stor skade på kort tid.
- Samla lagra av rundballar nærmare driftsbygningar/garden, evt gjerde dei inn med anleggsgjerde eller armeringsnett
- Skremming. Dette har ofte liten og kortvarig effekt.

Irregulær avgang

Trafikk

- Det skal vurderast rydding av vegetasjon på vegstrekningar som er særleg utsett for påkjørslar av hjortevilt.

Sjukdommar:

CWD (Skrantesjuka) er påvist på hjortevilt i Norge. Pr d.d. er 5 tilfeller påvist i Noreg tre i Sogn og Fjordane og 2 i Trøndelag. Sjukdommen er svært smittsom og det har vorte satt i gang store tiltak for å undersøke utbreiinga til sjukdommen. Det er ikkje påvist eller mistanke om tilfeller i Hordaland. Mattilsynet har ansvar for prøvetaking av dyr og det er i kommunane i Hordaland laga rutinar for prøvetaking av fallvilt og trafikkskadd hjort.

Tiltak:

- Kommunen vil følge råd og pålegg frå sentrale myndigheiter for å hindre spreiging av skrantesjuka.

Det kommunale viltfondet.

Det kommunale viltfondet er kommunen sine inntekter frå fellingsavgift og fallvilt. Bruken av desse midlane vert regulert av forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond § 5:

Fondet kan nyttast til:

- Tilskot til tiltak for å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersoner eller kommunen sjølv.
- Å dekke kommune sine utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- Tiltak for å førebygge skader på landbruksnæring påført av hjortevilt.

Fondet kan ikkje brukast til:

- Kommunal og fylkeskommunal administrasjon av viltforvaltningen (faste utgifter til lønn, møtegodtgjørelser, reiser mv.).
- Å erstatte skader påført av vilt.
- Skotpremier

Lokale føringar for bruk av viltfondet på Tysnes i høve til skader på landbruksnæring påført av hjort. Desse føringane er ikkje utfyllande men søknadar som er i tråd med føringane kan hansammast delegert medan søknadar som ikkje er i tård med føringane vert lagt fram for politisk handsamming. Det kan gjevast tilskot frå det kommunale viltfondet til:

- Inngjerding av attlegg med straumgjerde, det kan gjevast 50 % intill kr 20000,- til materialkostnadar for inngjerding av attlegg. Det kan maks gevast tilskot til gjerde for å gjerda inn 20 % av det dyrka arealet som eit føretak disponerer.
- Inngjerding av særskild verdifull avling, joletre, frukt, grønsaker og bær. Det kan gjevast intill 50 % og maks kr 20000,- av materialkostnadane for inngjerdeing.

- Inngjerding av rundballar. Det kan gjevast intill 50 % og maks kr 20000,- av materialkostnadane for inngjerdeing.